

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 19/24. Søknad frå Aurland Setjefisk SA om redusert timepris for arbeidskraft for 2024

Saksopplysning/vurdering

Aurland Setjefisk SA v/styreleiar har sendt ein søknad til fjellstyret om redusert timepris for 2024. Kopi av søknaden ligg ved, saman med gjeldande avtale mellom fjellstyret og Aurland Setjefisk om leige av arbeidskraft, underskriven i 2003.

Avtalen om arbeidskraft inneber at leige for arbeidskraft vert rekna ut frå eit fast timetal på 900 timar per år, og ein timepris som samsvarer med den som er vedteken i fjellstyret sitt oppsynsbudsjett som er innsendt til Statskog SF. Aurland Setjefisk søker om at ein dette året fråvik den budsjetterte timeprisen, og i staden nyttar timeprisen som er utrekna i note til fjellstyrerekneskapen før siste rekneskapsår, 2023. Grunngevinga for søknaden er den store auken i budsjettert timepris frå 2023 til 2024 (i 2023 var budsjettert timepris kr 486, og i 2024 kr 592). Det står i søknaden at selskapet ikkje vil få budsjettert for 2024 til å gå i hop med ein så stor auke i pris. Reell timepris i note 4 til fjellstyrerekneskapen for 2023 var kr 503. Til samanlikning kan nemnast at timesatsen for oppsyn som Norges fjellstyresamband har avtalt med Miljødirektoratet (SNO) er kr 748 for 2024. Det er denne fjellstyret legg til grunn når arbeid for offentlege etatar vert fakturert.

Dersom fjellstyret stettar søknaden frå Aurland Setjefisk, inneber det ein redusert timepris på $(592-503) = 89$. Det gjev ein reduksjon i samla fakturering på kr 80.000 for dette året, i høve til om ein nytta budsjettert timepris. Likevel om lag 15.000 opp frå 2023.

Eg meiner fjellstyret vil kunna leva bra med at det for 2024 vert fastsett ein timepris som tek utgangspunkt i utrekna timepris i fjellstyrerekneskapen for 2023; kr 503, og vil tilrå at søknaden vert stetta. Fjellstyret vil då få ei samla inntekt av tenestosal som ligg under det som er budsjettert, og truleg eit underskot for året 2024. Det må kunna krevjast at Aurland Setjefisk SA framover justerer opp prisane for den setjefisken som vert produsert, slik at inntektene held følgje med produksjonskostnadene.

Framlegg til vedtak:

Timeprisen som Aurland Setjefisk vert fakturert med i 2024 vert redusert frå kr 592 (budsjettkostnad 2024) til kr 503 (timekostnad i rekneskap 2023), i samsvar med søknaden frå Aurland Setjefisk SA. Fjellstyret vil oppmoda om at selskapet gjer justeringar i framtidige årsbudsjett og setjefiskprisar, slik at driftsinntektene held tritt med kostnadsutviklinga.

Fjellstyrekontoret, den 28.2.24

Harald Skjerdal

Til:
Aurland fjellstyre

Aurland 6. februar 2024

Søknad redusert timapris.

Aurland setjefisk SA har avtale med Aurland fjellstyre om leige av arbeidskraft til drift av sejfiskanlegget på Fossheim. I styremøte til Aurland setjefisk SA den 31. januar 2024, vart me uroa over den store auken i timesatsen som vert nytta. I 2023 var satsen 486.- kr. timen, i fjellstyre sin budsjetterte sats for 2024, som er godkjent av Statskog SF var same satsen komen opp i 592.- kr timen. Noko som vil gje Aurland setjefisk SA ei utgiftsauke på 95400.- kr. i leige av arbeidskraft, over 20% på eit år. Aurland setjefisk SA har fleire langsiktige avtalar på levering av fisk og ei så stor utgiftsauke er ikkje lett å handtera.

Styret i Aurland setjefisk SA vedtok då att dagleg leiar kallar inn til møte med Aurland fjellstyre, der denne utgiftsauken vart tema.

Dette møtet vart halde mandag 5. februar, leiar John Håland og dagleg leiar i Aurland setjefisk Håkon Øydvin var der. Frå Aurland fjellstyre kom dagleg leiar Harald Skjerdal og leiar Erling Nesbø. Der kom det forslag om att Aurland setjefisk SA no dette året sender ein søknad om å bruka den reelle timaprisen for refusjonsberettiga arbeid for 2023, den er pr. i dag 503,67.- kr. timen. Avtalen om leige av arbeidskraft vart sist revidert i 2003, arbeidsoppgåvene til driftsansvarleg forandrar seg på så mange år, så det kom forslag om att den bør takast opp til revidering i løpet av året.

Aurland setjefisk SA søker med dette om å forandra satsen for timeprisen frå den budsjetterte til den reelle satsen i fjellstyrerekneskapen, når prisen for leige av arbeidskraft til drift av anlegget til Aurland setjefisk SA vert fakturert. I fyrste omgang gjeld dette for 2024.

Aurland 6. februar 2024

Siign.

John Håland
Leiar Aurland setjefisk SA

AVTALE MELLOM AURLAND FJELLSTYRE OG AURLAND SETJEFISK BA OM LEIGE AV ARBEIDSKRAFT TIL DRIFT AV SETJEFISKANLEGGET

I samsvar med vedtak i Aurland Setjefisk BA sitt årsmøte i mars 2000 og fjellstyrevedtak i sakene 18/00 og 29/00, og med endringer avtalt i mars 2002, vert følgjande avtale inngått:

1. Aurland fjellstyre tek frå 1.7.2000 over det daglege driftsansvaret for setjefiskanlegget til Aurland Setjefisk BA. Ein av fjellstyret sine tilsette vert driftsansvarleg for anlegget.

2. Oppgåvene til den driftsansvarlege er m.a:

- dagleg drift og tilsyn med setjefiskanlegget og stamfiskkummane
- organisering av stamfiske
- organisering av fiskeutsetjing
- sekretær oppgåver for styret, administrasjon

Aurland setjefisk BA lagar instruks for drifta av anlegget, der oppgåvene til den driftsansvarlege skal gå fram.

Det vart laga ei turnusordning som sikrar at anlegget har tilsyn når den driftsansvarlege har fri, og ei bakvaktordning som sikrar at den som til ei kvar tid har ansvaret rykkjer ut ved eventuell driftsstans. Denne bakvaktordninga skal årleg vera i funksjon i omlag 150 dagar i perioden frå startforinga tek til og til fisken i anlegget er utsett.

3. Aurland Setjefisk BA refunderer fjellstyret sine utgifter tilsvarande 900 timar pr. år. Det vert lagt til grunn satsar utrekna i fjellstyret sitt oppsynsbudsjett (låg sats), som er godkjent av Statskog SF. Dette dekkjer løn og sosiale kostnader, og køyring innan kommunen.

For 2003 er satsen kr. 215 pr. time. Ny sats vil gjelda frå 1.1.2004, sameleis frå kvart nytt årsskifte.

Køyring til reisemål utanfor kommunen, og kostnad med bakvaktordning vert fakturert særskilt, og skal innbetalast saman med 2. termininnbetaling kvart år.

Utbetaling skjer i to terminar kvart år. Refusjon for 1. halvår skal betalast innan utgangen av **april**, for 2. halvår innan utgangen av **oktober**.

Arbeid ut over dette vert å sjå på som fjellstyret sin "dugnadsinnsats" i samsvar med vedtektene for partslaget.


4. Avtalen kan oppseiast med 6 månaders varsel av kvar av partane.

Aurland, den 11/2-03

for Aurland fjellstyre


Helge Indrelid

for Aurland Setjefisk BA


Jørgen Hallanger